

## Interpellasjon frå Jeanette Syversen (R)

### **Stopp utflagginga av offentlege oppdrag**

NRK avdekka i sumar at «Skulebas» var eit av i alt 14 skip, i offentlege anbod som no har gått til utanlandske verft. Dette er første fylkestinget etter sumaren og stortingsvalet. Med ny regjering er det er duka for ny politisk kurs i Norge. Raudt vil motverke at offentlege oppdrag blir sendt ut av landet.

«Skulebas» er eit opplæringsfartøy vi i Vestland fylkesting har vore tverrpolitisk samde om å investere i, men det er ikkje semje om å flagge ut. Eit slikt byggeoppdrag kan gje ringverknader, m.a. skatte- og avgiftsinntekter til det offentlege. I dette tilfellet er det eine norske verftet, Stadyard, til og med på same øya som den skulen som skal bruke båten. Elevane kunne fått høve til å følgje bygginga. Raudt skreiv difor eit ope brev til fylkesordføraren 16.juli 2021, for å be han om å kalle inn til hastemøte i fylkesutvalet for å stoppe denne utflagginga, noko han avviste.

Fylkesordførar leiar ein koalisjon her vest, som har gått i bresjen for å sikre læreplassar i fylkeskommunal regi og skjerpe seriøsitetskrava. Kor mange læreplassar verftet i Danmark stiller til disposisjon er hittil ukjent. Fylkesordføraren sin leiar skal no forhandle om regjeringsmakt med AP, og SV. Då er det grunn til å anta at nasjonal råderett og suverenitet, fagarbeidarutdanninga, faste trygge jobbar i distrikta, og det grøne skiftet vil stå høgt på agendaen. Ein kjem ikkje til å finne robuste løysingar på dette, utan å ta stilling til elefanten i rommet.

Det er på tide å vise vilje til å utfordre handlingsrommet i EØS avtala, seie opp abonnementet på høgrepolitikk, og bli herre i eiga hus. Etter koronapandemien sine konsekvensar, treng folk arbeid i lokalsamfunna. Då må vi vekte samfunnsnytte framfor kortsiktige innsparingar i anboda våre! Det er ein skandale korleis kompetanse blir bygga ned, slik vi har sett i verftsindustrien, der vi no må til Aust-Europa for å få bygga skrog, stikk i strid med norske interesser.

Kva kostar det oss å sende oppdrag ut av landet, i tapt kompetanse, skatt og ikkje minst utslepp? Det grøne skiftet her heime, inneber å satse på yrkesfaga, skape arbeidsplassar, læreplassar, og skatteinntekter ved å stimulere til lokal aktivitet! Det må bli nulltoleranse for subsidieeksport, så ikkje midlar frå Enova hamnar på spanske skipsverft i staden for verfta på Stord eller andre plassar i landet. Vi må kunne begå demokrati, gjennom fleirtalsvedtak om reglement for offentlege innkjøp og oppdrag utan at det skal opp til handsaming i EFTA domstolen. Eit seriøst og klimavennleg arbeidsliv er avhengig av ein offentleg sektor som ikkje bare står for subsidier. Det offentlege må stille krav til bruk av seriøse aktørar med landsdekkjande tariffavtalar og lærlingplassar. Det kan skape enorme samfunnsmessige vinningar for heile landet.

### **Spørsmål til fylkesordførar Jon Askeland:**

1. Er Fylkesordførar samd med at «Skulebas» skal byggjast i Danmark, heller enn i Måløy, der ein leverandør var klar til å byggje skipet med 10 millionar i margin?
2. Har fylkesordførar tal på kva «Skulebas» kunne ha skapt av samfunnsøkonomiske vinningar om ein vekta andre kriterier enn pris?
3. Kan fylkesordførar seie med handa på hjartet at han vil gjere alt i si makt for å endre på rammene som ligg i anboda som fylkeskommunen lyser ut, slik at samfunnsnytte blir vekta tyngre?

### **Forslag til vedtak:**

Fylkestinget i Vestland vil vekte å prioritere samfunnsøkonomiske omsyn i offentlege anbod og anskaffingar, slik at Vestland fylkeskommune kan operere som ein positiv og mektig samfunnsnyttig aktør, for lokalsamfunna ute i distrikta våre. Dette skal også være ein del av Vestland Fylkeskommune sin kommunikasjonsstrategi ut mot næringsaktørar og entreprenørar.»

### **Svar frå fylkesordføraren:**

#### **Spørsmål 1**

Fylkesordføraren er samd i at det hadde vore hyggeleg om det lokale verftet i Måløy hadde vunne konkurransen, men det var knapt 17 millionar kroner dyrare enn leverandøren som vant anbodet. Også det norske verftet ville bygd skroget utanlands. Fylkesordføraren meiner at fylkeskommunen må fylgja dei lover og forskrifter som til ei kvar tid gjeld og at det derfor ikkje var mogleg å lyse ut denne konkurransen berre i Noreg. Dette vart grundig belyst i siste politikardag.

**Spørsmål 2**

I konkurransen var pris vekta med 45%, slik at tildelingskriteria design, kvalitet på utstyr og gjennomføringsevne samla var viktigare. Konkurransen knytt til Skulebas har tidlegare blitt avlyst då dei innkomne tilboda var langt over budsjettet. Arbeidet med å få ned kostnadene har derfor vore avgjerande for gjennomføringa av prosjektet. Dei samfunnsmessige vinningane av lokal industri vil nok ikkje vere mogleg å måle på eit enkelt prosjekt, men generelle vurderingar knytt til industriarbeidsplassar kan nyttast.

**Spørsmål 3**

Fylkesordførar deler interpellanten sitt ynskje om at fylkeskommunen sin aktivitet i størst mogleg monn kjem innbyggjarane og samfunnet til nytte.

Me vil gjera det me kan for å utnytta handlingsrommet innan Lov om offentlege anskaffingar og EØS-avtalen. Pris er også ein del av samfunnsnytta.